

Til politisk sekretariat i Vestland

Eg har lagt ved eit grunngitt spørsmål til fylkesordføraren - 'Grunngitt spørsmål om ferjeanbod'.

Eg vil gjerne ha ein utskrift av dette spørsmålet tilgjengeleg når eg er i Sogndal.

Helsing

Anders Hamre Sveen

**GRUNNGITT SPØRSMÅL TIL VESTLAND FYLKESTING 17. OG 18. DESEMBER 2019:**

**NEDBEMANNING PÅ FERJA JONDAL-TØRVIKBYGD OG ANDRE FERJESTREKNINGAR I VESTLAND FYLKE.**

Til fylkesordførar Jon Askeland (SP).

I det komande Vestland fylke har det vore gjennomført fleire anbodsrundar på ferjetilboden i det nye fylket. Resultatet ser ut til å bli nedbemanning, därlegare tryggleik og därlegare service til dei reisande. Er det dette Vestland fylkesting vil gå inn for? Eller skal ferjefylke nr. 1 i landet satse meir på betre ferjetilbod og tryggleik?

Eit døme på utvikling i feil lei er ferjestrekninga Jondal-Tørvikbygd over Hardangerfjorden. Dette er ei strekning med auka trafikk - med seks bussar Haukeliekspressen dagleg, fleire trailersjåførar og mange andre reisande over E-134 Haukelifjell samt auke i lokaltrafikken

Frå årsskiftet vil Fjord1 overta drifta, etter at dei vann anbodskonkuransen på lågast pris. Resultatet er både at den populære ferjekiosken med 2,8 årsverk blir erstatta av automatar - og matrosar og tryggleikstandarden blir redusert. Både dei LO-organiserte i Norsk Sjømannsforbund, LO i Indre Hardanger, lokalpolitikarar og mange andre er bekymra og har reagert sterkt på denne utviklinga.

Raudt Vestland sine spørsmål til fylkesordføraren er difor:

1. Kor mykje har pris og kor mykje har kvalitet (inkl. kioskservering og tryggleik) blitt lagt vekt på i desse ferjeanbodsrundane i Hordaland og Sogn og Fjordane (frå nyttår Vestland) t.d. på den viktige ferjestrekninga Jondal-Tørvikbygd?
2. Kva vil fylkesordføraren gjere for å halde oppe servicetilboden til dei reisande og tryggleiken på ferjene i Vestland fylke, inkludert strekninga Jondal-Tørvikbygd?

Anders Hamre Sveen (Raudt)